

Til Radøy kommune

v/ordfører Jon Askeland, Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Folkemuseum og folkekultursenter i Sæbø på Radøy.

Viser til tidlegare brevveksling og takkar for positivt utspel frå ordfører Jon Askeland, som er lagt fram for folk og instansar som me har samarbeidd nært med. Dette har vore svært nyttig, men har tatt mykje tid og krefter. Vidare har det vore eit viktig og intenst arbeid med nye utstillingar.

Ajourført oversyn over dialog med og arbeid av støttespelarane og rådgjevarane er gitt i vedlegg, sitat:

"Personane/institusjonane/organisasjonane høyrer til museum og universitet innan felte historie, arkeologi, miljø, botanikk, minoritetskultur, kulturvitskap og museumsfagleg arbeid særleg innan folkemuseum og til folkekultur og kulturminne".

På grunnlag av utspelet frå Radøy kommune har det vore ein omfattande dialog, jf vedlegg. Rådgjevarane og støttespelarane uttaler i vedlegget, sitat:

"Initiativet om å gå inn i positiv og konkret dialog som Radøy kommune ved ordføraren Jon Askeland har tatt ser vi på som eit viktig tiltak også nasjonalt på museumsfeltet i Noreg. Det vil kunna vera eit gjennombrot for å gje Nordhordland eit moderne pionærmuseum".

Dei set samlingane i fokus og meiner dei er ein avgjerande og stor kapital som vil vera eit godt verktøy til å skapa semje om eit folkemuseum og folkekultursenter for heile Nordhordland:

*"Dei to samlingane **Folkekunst** (i vid tradisjonell meining) og **Reisandes handarbeid** vil kvar for seg kunna gje eit fullverdig grunnlag for eigne museum etter statens og UNESCOs politikk for framtidig moderne museum".*

Dersom Nordhordland byggjer eit folkemuseum og kultursenter på desse to samlingane, vil statens faglege krav til framtidens moderne museum kunna vera innfridde. Samstundes vil Nordhordland få ei folkekunstsamling (i vid tradisjonell folkemuseumsmeining) som landsdelen har vore utan når me ser bort frå Osterøy og samlingane på Historisk museum i Bergen. I tillegg kan eit museum gjera ein pionærinnsats med landets største museumssamling av dei

reisandes kultur. Denne samlinga åleine utgjer ein ruvande kapital som vil styrkja den botaniske hagen i Sæbø (Tjorehagen).

Rådgjevarane uttaler vidare (sjå vedlegg): *"Og det hastar med forskning på kulturhistoria og innsamling av den immaterielle kulturen til dei reisande særleg på Vestlandet"*. Det er naturleg at dette arbeidet skjer nært knytt til forvaltinga av samlingane. Det krev og høg museumsfagleg kompetanse. Det er naturleg at denne kan byggjast opp felles og samstundes for dei to samlingane. Fast tilsette bør først og fremst vera museumsfaglege folk med fagle bakgrunn og utdanning i arkeologi og kunst/kulturhistorie".

Vidare om folkekulturen : *"Den tidlegare rike folkekulturen i Nordhordland er i ferd med å bli borte, truleg og i mangel på institusjonar. Det hastar på mange kulturfelt for Nordhordland. Det gjeld ikkje berre historia men og identiteten og å kunna forstå samtida og framtida"*.

Eit senter i Tjorehagen kan gjerne gjennomførast i ein desentralisert modell med dei ulike kultursamlingane som er spreidde i Nordhordland og med ulike folkeminne: "Strilamuseet" på Seim, Bogatunet, "Roparhaugsamlingane", Bjørn Vest, præriebygga på Sletta, Lyngheisenteret, ulikt dokumentasjonsarbeid av m.a. Arne Høydal , "Skulemuseet" i Lindås, fleire private samlingar m.m. Mange tenester som ikkje stiller faglege museumskrav vil det sjølsagt kunna samarbeidast om. Vegen til å få godkjenning som fullverdig museum må og bør likevel ha eit godkjent fagleg grunnlag. Dette meiner me at Olav R. Tjores Samling tilfredstiller. Det er viktig at dei faglege krava er med når Nordhordland skal prøva å reisa eit breitt folkemuseum og folkekultursenter.

Radøy Kunstsenter (RKS) kan i eit nært samarbeid lett fylla ut senteret i Tjorehagen med eit moderne kunstinnhald, og ytterlegare styrkja museet som eit moderne pionermuseum. Og RKS arbeider også med folkekunst.

Rådgjevarane i støttegruppa gjer framlegg om denne modellen for ei første utbygging (sjå vedlegg):

"Vårt framlegg er vidare ei trinnvis utbygging. Samlingane utgjer i seg sjøl ein umåteleg stor verdi og bør vera samla under Tjorehagen som forvaltar. Det er difor naturleg at første byggetrinn er eit utstillingslokale som kan utvidast, med plass til ein fagperson og med ein litt romsleg inngang. Fagpersonen bør ha bakgrunn og utdanning frå arkeologi eller kunst-/kulturhistorie og kan i starten vera ein deltidstilling."

Etter ein stor arbeidsinnsats av gode og dugande folk har det lukkast for oss å få 125 nye medlemer til venelaget for Tjorehagen. Me vil arbeida vidare med

verving til støttegruppa i venelaget, og me reknar med å ha ca 200 medlemmer innan utgangen av 2016. Med ei medlemsavgift på kr 300.- vil det gje årlege nye inntekter på ca. kr 60.000,- Me håpar at denne store interessa vil telja for Radøy kommune.

Me arbeider vidare med å samla litt gåver frå offentlege og private sponsorar, slik at me kan klara kostnadene med finansiering av eit første byggetrinn.

Men me er først og fremst avhengige av at Radøy kommune kan gje stønad til ein fagperson t.d. for delar av eit årsverk og at kommunen kan gje hjelp til byggeplan både for eit første byggetrinn og for ei vidare utbygging. Me er også avhengige av at Radøy kommune kan gje stønad til den øvrige drifta av hagen, i samarbeid med dei andre kommunane i Nordhordland som vil dra nytte av kultursenteret.

Det vert vidare arbeidd med å få ordna skøyte til Tjorehagen av tidlegare tomt av hovudbruket. Dette vil kunna tilføra Tjorehagen ein stor verdi.

Det er elles som kjent eit avgjerande element å sikra samlingane for Nordhordland med ei fagleg utbygging i Tjorehagen elles vil samlingane gå til andre av våre folkemuseum som kan tilby fagleg vising, brei formidling, forskning og forvaltning.

Arbeidsgruppa viser til vedlagte prosjektskisse med liste over støttespelarar i Venelaget for kultursenter i Tjorehagen, og ber om å få eit møte med Radøy kommune på eit høveleg tidspunkt i løpet av våren 2016, for å drøfta prosjektet med bakgrunn i vedlagte brev og prosjektskisse.

Alversund/Fana, 17. oktober 2016

For Arbeidsgruppa for Folkemuseum og Folkekultursenter for Nordhordland*

Oddvar Skre (sign.)

*Arbeidsgruppa for Folkemuseum og Folkekultursenter i Nordhordland omfattar følgjande medlemmer:

Oddvar Skre (kontaktperson), Jon Eikemo, Emil André Erstad, Unn Catodotter Fyllingsnes og Kjartan Rødland

Vedlegg:

Folkemuseum og kultursenter for Nordhordland. Olav R. Tjores Samling.

I dette vedlegget er vist folk, institusjonar og organisasjonar som det har vore dialog med og som stør arbeidet aktivt med å byggja ut den botaniske hagen i Sæbø på Radøy i Nordhordland for m.a. å ta vare på kultursamlingane etter Olav R. Tjore og leggja eit grunnlag for eit vidt folkemuseum for Nordhordland.

Dei aller fleste har vore aktive med å utarbeida dette vedlegget. Særleg har desse vore med lenge i arbeidet: Arne Emil Christensen, Bryggen museum, Jon Eikemo, Ami Dregelid og Håkon Dregelid, Jon Fosse, Botolv Helleland, Hordamuseet, Håkon Høgemo, Knut Kjeldstadli, Jon Kleiveland, Benedicte Maurseth, Trond Nordby, Sven Nyhus, Osterøy museum, Nils Seland, Torgeir Skorgen, Arild Stubhaug, Vegard Vårdal, Kjersti Wiik. For nokre få har det vore dialog og orientering, og desse går fram av opplysning på lista.

Stønaden frå rådgjevarane og støttespelarane byggjer m.a. på dette grunnlaget :

Dei to samlingane *Folkekunst* (i vid tradisjonell meining) og *Reisandes handarbeid* vil kvar for seg kunna gje eit fullverdig grunnlag for eige museum etter statens og UNESCOs politikk for framtidig moderne museum.

Eit viktig mål for arbeidet vil vera å sikra ei snarleg forsvarleg museumsfagleg forvaltning, formidling og ivaretaking av samlingane og sikra dei for Tjorehagen og Nordhordland. Det hastar med å få samla samlingane til aktiv formidling og forskning. Og det hastar med forskning på kulturhistoria og innsamling av den immaterielle kulturen til dei reisande særleg på Vestlandet. Den tidlegare rike folkekulturen i Nordhordland er i ferd med å bli borte, truleg og i mangel på institusjonar. Det hastar på mange kulturfelt for Nordhordland.

Tilhøva vil høva godt for å sameina fleire mål i ei **pionærutbygging** med desse felta:

- **botanisk samling for Nordhordland med naturpark/naturstiar/kulturminne/miljøkunnskap,**
- **tradisjonelt folkemuseum med folkekunst som senter for ein regional modell for folkemuseum i Nordhordland,**
- **folkekultursenter (song, dans, musikk),**
- **senter for kulturen til dei reisande.**

Dette arbeidet vil vera i samsvar med UNESCOs politikk for framtidias moderne museum som er ratifisert av Noreg og som statens politikk for framtidias museum byggjer på.

Vårt framlegg er vidare ei trinnvis utbygging. Samlingane utgjer i seg sjøl ein umåteleg stor verdi og bør vera samla under Tjorehagen som forvaltar. Det er difor naturleg at første byggetrinn er eit utstillingslokale som kan utvidast, med plass til ein fagperson og med ein litt romsleg inngang. Fagpersonen bør ha bakgrunn og utdanning frå arkeologi eller kunst-/kulturhistorie og kan i starten vera ein deltidstilling. Neste byggetrinn kan vera lokale for sal og lagring av plantar. Det bør tidleg takast rom for samarbeid med skular, barn og ungdom. Samlinga har truleg landets største samling av tømrar- og snikkarverktøy som vil høva for mange aktivitetar for skuleelevar.

Olav R. Tjores Samling har eit nært samarbeid om utstilling, formidling og dels forvaltning med fleire av våre største museum. Dette gjer det mindre nødvendig å byggja ut plass for lagring av samlingane. Det gjev dessutan ei trygg og fagleg forvaltning. Fokus må difor leggjast på utstilling, formidling og forskning.

Initiativet om å gå inn i positiv og konkret dialog som Radøy kommune ved ordføraren Jon Askeland har tatt, ser vi på som eit viktig tiltak også nasjonalt på museumsfeltet i Noreg. Det vil samstundes kunna vera eit gjennombrot for å gje Nordhordland eit moderne pionermuseum.

Personane/institusjonane/organisasjonane som støttar prosjektet er knytt til museum og universitet innan felte historie, arkeologi, miljø, botanikk, minoritetskultur, kulturvitskap og museumsfagleg arbeid særleg innan folkemuseum og til felte innan folkekultur og kulturminne. Lista tel ca 70 namn på personar og institusjonar og talet er snart nær 100. Ajourført lista vert ettersend med det første, men her følgjer lista pr desember 2015:

Astrid Andresen. Dialog om utstilling ved UiB.

Sigbjørn Apeland ved Arne Bjørndals samling er orientert. Er i dialog.

Bergen mållag

Bergen universitetsmuseum, Kulturavdelinga, er orientert. Har tidlegare gitt positiv uttalelse om folkekunstsamlinga.

Arne Bjørndals Samling, dialog ved Sigbjørn Apeland

Bryggen Museum har tidlegare stillt ut snikkar- og tømrarverktøy frå samlinga og er orientert om museumsplanane.

BUL i Oslo

BUL i Bergen

Torkjell Lunde Børsheim

Arne Emil Christensen

Ami Dregelid

Håkon Dregelid

Asbjørn Eide

Jon Eikemo. Medlem i arbeidsgruppe.

Emil Endre Erstad. Medlem i arbeidsgruppe.

Knut Fjeldstadli

Kristian Fjellanger, er orientert.

Folkorg. Er i dialog med Linda Dyrnes.

Lokallaga i Folkorg i Nordhordland er orientert gjennom Linda Dyrnes.

Jon Fosse

Unn Catodotter Fyllingsnes Medlem i arbeidsgruppe.

Thor Gotaas

Knut Hamre

Britt M. Heggeli

Botolv Helleland

Sverre Halbakken

Hordaland ungdomslag

Bergen Bymuseum (Hordamuseet) har nytta samlingane ved ei omfattande utstilling på museet og seinare stor vandreutstilling til Voss folkemuseum og Osterøy museum. Forvaltar av delar av samlingane.

Håkon Høgemo

Jon Kleiveland

Magne Kleiveland

Knut Kjeldstadli

Eldbjørg Kremmer

Herborg Kråkevik

Einar Lygre

Benedicte Maurseth

Einar Mjølunes

Nasjonalgalleriet, avdeling for kunstindustri. Har karakterisert fleire folkekunstarbeid i samlinga som "nasjonale klenodium"

Trond Nordby

Norges musikkhøgskole, Folkemusikklinja

Noregs ungdomslag

Endre Kleiveland

Sven Nyhus

Astrid Helene Olsen

Berit Opheim

Osterøy danse- og spelarlag ved Folkorg

Osterøy museum er medforvaltar av samlingane. Har hatt fleire utstillingar frå samlingane. Er orientert om museumsplanane.

Øystein Rambjørg

Rff, Rådet for folkemusikk og folkedans er orientert ved Egil Bakka. Dialog med Marit Stranden.

Geir Olav Repål

Tom Willy Rustad

Leif Rygg

SAFFA er orientert ved Nils Seland.

Nils Seland, nær dialog

Torgeir Skorgen, dialog om utstilling/vandreutstilling ved UiB, Universitetsbiblioteket og Sjøfartsmuseet.

Oddvar Skre. Medlem i arbeidsgruppe og botanikar

Sjøfartsmuseet i Bergen. Dialog om utstilling/vandreutstilling.

Arild Stubhaug

Gro Marie Svidal

Anette Thorsheim

Voss folkemuseum har samarbeidd om Vandreutstillinga frå Hordamuseet. Er orientert om museumsplanane.

Vegard Vårdal

Kjersti Wiik

Universitetsbiblioteket i Bergen. Dialog om utstilling ved Torgeir Skorgen

Universitetet i Bergen, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap. Dialog med Astrid Andersen

Sigrun Øvretveit